

# Standardoppsett for individuell Akan-avtale i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Denne Akan-avtalen er inngått mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune og

Tilsett \_\_\_\_\_ p.nr. (11 siffer) \_\_\_\_\_ mob.: \_\_\_\_\_

Den tilsette er gjort kjent med gjeldande prosedyrar for handsaming av saker der tilsette har brote arbeidsreglementet med omsyn til rusmiddelbruk og spel.

Akan-avtalen består av ein generell del og ein individuell del.

Alle som underteiknar denne Akan-avtalen, forpliktar seg til eit gjensidig samarbeid om opplegget. Eventuelle endringar i alle deler av Akan-avtalen må gjerast skriftleg og i forståing med alle som har underteikna avtalen.

Signatur på Akan-avtalen har som følge samtykke til elektronisk lagring av sakspapira.

## **1. Generell del av Akan-avtalen**

Akan-avtalen skal gjelde frå dags dato \_\_\_\_\_ og to år fram i tid.

Den vert evaluert første gong den \_\_\_\_\_

Samarbeidsgruppa som er involvert i arbeidet, i tillegg til den tilsette sjølv, er:

<b>Navn:</b>	<b>Mobil:</b>	<b>Rolle:</b>
		Næraste leiar
		Akan-fylkeshovudkontakt
		Bedriftshelsetenesta (BHT)
		Fastlege
		Personkontakt

Behov for re vurdering kan oppstå dersom den tilsette bryt arbeidsreglementet og får ei ny åtvaring. Dette gjelder også ved brot på det individuelle opplegget eller ved manglande oppfølging frå ein av partane.

Den tilsette melder frå til næraste leiar om fråvær, uansett årsak, så tidleg som mogleg etter at arbeidsdagen er begynt. Melding om fråvær skal skje munnleg, ikkje skriftleg.

Når avtalen vert evaluert den \_\_\_\_\_, skal følgjande personar vere tilstade i tillegg til den tilsette: Næraste leiar med personalansvar, Akan-fylkeskontakt, BHT og eventuelt personkontakt.

Det vert føresett at det vert gitt fullmakter til naudsynt informasjonsutveksling og samarbeid med dei som er involvert i arbeidet med individuelle Akan-opplegget. Dette gjeld også kommune- og spesialisthelsetenesta.

Alle som er involvert i arbeidet med Akan-opplegget, har teieplikt utanfor samarbeidsgruppa utover det som naturleg inngår i samarbeid og melderutinar.

---

*Stad og dato*

---

Tilsett

---

Nærmaste leiar

---

Akan-fylkeshovudkontakt

---

Stamina Helse representant (BHT, valfritt)

---

Personkontakt (valfritt)

I tillegg til Akan-kontrakten sin generelle del (s.1) er følgjande avtale gjort i individuell del (s.3):

## 2. Individuell del av Akan-avtalen

I tillegg til generell del er følgende avtale i individuell del av Akan-avtalen gjort for

Tilsett (Namn) \_\_\_\_\_, p.nr. (11 siffer) \_\_\_\_\_

Eg forpliktar meg til å gå inn i eit behandlingsopplegg som samarbeidsgruppa finn nødvendig. Denne behandlinga skal omfatte:

- a) Samtalar (personkontakt, Akan-kontakt, nærmaste leiar, bedriftslege/BHT, fastlege, rusmiddelkonsulent).
- b) Deltaking i støttegruppe, for eksempel AA eller Lenken.
- c) Medisinsk behandling (innlegging på institusjon, poliklinisk behandling, medikament).
- d) Andre undersøkingar tilrådd av medisinsk personale

Dersom eg vel å bryte eit behandlingsopplegg vil eg informere min næraste leiar om det. Saka vil då blir handtert som ei personalsak.

Dersom deler av Akan-opplegget medfører behandling av ein annan lege eller institusjon, er eg innforstått med at Stamina Helse skal heldast orientert om utviklinga. (Valfritt)

Min fastlege vert informert om Akan-avtalen. Sjukemelding kan kun gjevast av fastlege, eller den som er i hans stad. Retten til bruk av eigenmeldingar vert inndregen / Det vil framleis vere mogleg å nytte eigenmeldingar, men melding om fråvær skal meldast munnleg til nærmaste leiar så snart som mogleg. Ved mistanke om rus, kan det bli gjennomført heimebesøk. Besøket skal då bli gjennomført av leiar og Akan-kontakt.

**(ta inn andre moment i avtalen, jamfør momentliste s. 4)**

Eg er innforstått med at eg kan velje ein personkontakt, men at denne skal godkjennast av samarbeidsgruppa. Personkontakten er forplikta til å melde frå til Akan-kontakt og Stamina Helse (valfritt), om opplegget ikkje vert følgt.

Eg er kjend med at dersom avtalar i den individuelle Akan-avtalen vert brote, vil eg få skriftleg åtvaring og at fortsatt rusmisbruk kan få konsekvensar for arbeidstilhøvet mitt i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

---

*Stad og dato*

---

Underskrift tilsett

Original til leder med personalansvar. Kopi til tilsett, Akan-fylkeshovudkontakt og Stamina Helse (valfritt).

## Vedlegg til Akan-avtalar:

### KVA ER AKTUELT I DENNE SAKA?

Døme på moment som kan vurderast i utforminga av den individuelle delen av opplegget:

- Om risiko og mogleg endring av arbeidsoppgåver
  - Er det nødvendig med omplassering eller endring av arbeidsoppgåver eller rutinar for å ivareta tryggleik?
- Meir detaljert om evaluering
  - Kor ofte, og når?
  - Kven kallar inn til møter?
- Rutinar ved fråvær
  - Heimebesøk som konsekvens ved fråvær? I tilfelle av kven? Ved kva anledningar?
  - Bruk av eigenmelding? Miste eller behalde retten?
  - Kontakt ved sjukdomsfråvær - med kven?
  - Oppfølging under ferie/fridagar?
  - Når/korleis avtale avspasering?
- Kontakt med eksterne behandlarar
  - Vurdere behov for profesjonell behandling
  - Kven skal tilvise? Kven skal vere kontaktperson?
  - Kven skal følge opp arbeidstakaren før, under og etter behandlinga?
  - Kontakt og samarbeid med fastlege
  - Fullmakt for kontakt med eksterne behandlarar
- Samarbeid og informasjon
  - Kven skal få kva informasjon?
  - Samarbeidsrutinar
- Oppfølgingsoppgåver og roller
  - Arbeidstakaren sjølv
  - Næraste leiar
  - AKAN-kontakt
  - Bedriftshelsetenesta
  - Personkontakt/kollegastøtte – er det aktuelt? Godkjenning av personkontakt. Kva skal vere personkontakten sine oppgåver?
- Brot på opplegget – eller positiv utvikling
  - Konsekvens?
- Spesielt ved pengespel
  - Behov for økonomisk rådgeving? (Bank/finansinstitusjon/sosialtenesta i kommunen)
  - Avtale om disponering av løn?
  - Vurdere behov for profesjonell behandling